

Vi kan elles roa klagar med at vi har kontakt med firmaet Tison og Titlestad som vil leggje fram for Lindås kommune vårt framlegg til løysing vedr minirensaneanlegg. Vi håper sakshandsaminga hos Lindås kommune tek kort tid slik at vi kan få godkjenning for plassering av minirensaneanlegget fortast råd er. Når det vert peika på at rusmisbrukarar er spesielle smitteberarar vitnar denne påstanden frå klagar om mangel på kunnskap om denne gruppa. Det er generelt lite sannsynleg at sjukdom vert spreidd gjennom kloakksystemet. Forsking viser at mellom 1889 og 2002 er det kun oppdaga eit tilfelle av sjukdomsmitte gjennom kloakk, då var det brot på kloakkleidning som ureina vasskjelda. (Kjelde;Vannforeningen.no)

Det vert hevda at det har blitt funne brukarutstyr i terrenget, i buss-skuret og i hagen til nabo. Det er rart at Rusomsorg Vest, Nappane, ikkje er blitt informert om slike funn. Vi har elles fått klage på, og blitt informert om, det naboar elles har opplevd som krenkjande, uheldige situasjonar. Funn av brukarutstyr har vi ikkje høyrte noko om, noko som er svært viktig at vi blir informert om. Er i så fall brukarutstyret levert til apotek? Og har de kvittering på innlevert brukarutstyr?

Når det gjeld kollektivtransporten og buss-skuret ved senteret, ser ikkje vi dei store utfordringane. Det er stort sett ingen bussar og få passasjerar, men to drosjar om dagen som køyrer skuleborn. Buss-skuret er heller ikkje nesten inne på tunet til Rusomsorg Vest, Nappane, men nokre meter frå innkjørselen til senteret.

Det vert vist til at senteret har hatt utagerande brukarar, noko Rusomsorg Vest, Nappane, ikkje kan nekta for er rett, men då i liten grad. Rusomsorg Vest viser elles til at sidan vi starta opp verksemda i 2009 kan vi telje på ei hand bebruarar som har vore utagerande, og det har gjerne vore enkelt situasjonar. Utagerande personar er elles ikkje eksepsjonelt for Rusomsorg Vest, Nappane, for på alle institusjonar kan ein møte utagerande personar. Vi handterer dette ved at vi set inn tiltak i form av fleire på jobb, og dersom truslar og vold skriv vi avvik i avviksprotokollen. Vi har ikkje opplevd dette som eit stort problem, og trur ikkje naboar, sambygdingar har gjort det heller. Vi vil hevde at bemanningssituasjonen vår er god nok òg til å handtere vanskelege bebruarar. Den siste tida har vi fått to fleire helsefagarbeidarar i personalet, pluss ein lærling.

Rusomsorg Vest, Nappane, kan ikkje sjå at viktige helsevurderingar er satt til sides ved gitt dispensasjon. Dersom dispensasjonen vert trekt tilbake, vil helsevurderingar verkeleg bli sett til side. Dersom døra vert stengt hos Rusomsorg Vest, Nappane, vil livet til våre bebruarar, eller potensielle bebruarar, stå i fare.

Om våre brukarar, potensielle brukarar, dør i overdose av mangel på behandlingssjans kan vi spørje kven som skal lastast for det. Er det event klagar som får medhald i klagen, eller er det Lindås kommune som gjorde feil sakshandsaming då dei i 2009 gav munnleg svar på at Rusomsorg Vest, Nappane, kunne starte det arbeidet som i dag vert drive på Nappane ?

Det er truleg større sjanse for at helsa til Rusomsorg Vest, Nappane, sine bebuarar står i fare dersom vedtaket om dispensasjon vert trekt tilbake, enn at helsa til klagaren står i fare om vedtaket om dispensasjon vert gjeldande.

5. Det er ikkje mykje meir å peika på ang dette punktet, anna enn at elva som renn forbi Rusomsorg Vest, Nappane, er nærmare til andre si eigedomsgrensa enn vår. Kloakken og ureining er det sagt nok om.
6. Trafikksikkerhet i det store og heile på Nappane er ikkje generelt god, men det er heller ikkje den mest trafikkerte vegen i Lindås kommune. Som nemnt i punkt 4 er det to drosjar som kjører til Nappane om dagen. Det er dessverre ikkje mange barn som bur på Nappane og tek skulebussen lenger. Vi får håpe og tru at dette kan endre seg når vegen og tilkomsten til Nappane vert betre. Lindås kommune, meiner at vegen er god nok, for det er gitt løyve til utbygging av 80 hytter på Nappane.
Når det gjeld blålysinstansane som klagar viser til, kan ikkje Rusomsorg Vest sjå at avstanden frå instansane i Knarvik og til Nappane skal vera eit stort problem. Det tek ca 25- 30 min å kjøre frå tettstaden Knarvik til Nappane med bil. Polititenestemenn har elles uttalt at dei ikkje har hatt spesielt urovekkjande mange uttrykkingar til Nappane, og uttrykkjer at dei er glade for at Rusomsorg Vest, Nappane finst.
Rusomsorg Vest, Nappane, får vatn frå eiga borehol, vatnet går frå borehol til vassreservoar. Kapasiteten til reservoaret er på ca 40m³ og er stor nok til å kunne sløkkje event brann i bygningane til Rusomsorg Vest, Nappane. Terje Sørensen, dagleg leiar i VVS Bømlo seier at krava til vanntilgang ved brann er langt mindre enn 40m³ i kommunar han kjenner til.
7. Det vert igjen vist til at Rusomsorg Vest, Nappane, ureinar og forgiftar elva slik at både dyr og folk står i fare. Dette er påstandar og rykter det ikkje er prov for, som før nemnt. Når det gjeld hjortetråkket vil ikkje det gjera noko til eller frå om Rusomsorg Vest, Nappane, som institusjon vert verande eller ikkje. Slike tråkk finnes overalt i Nordhordland, og truleg er Rusomsorg Vest, Nappane, lite til hinder for hjorten. Lurer på om klagaren er meir bekymra for liva til Hjorten på Nappane enn for bebuarane på senteret. Rusomsorg Vest, Nappane, har eksistert lenge, og framleis bruker hjorten dei same tråkka. Tidlegare i klagen har klagaren peika på at det er for få arbeidarar på Nappane, men no vert det hevda det motsette; det er så mange arbeidarar på Nappane som kjører til og frå at dei fører til auka utryggleik på vegen.
8. Tilgjenge. Vi ligg ikkje timevis frå næraste butikk, men langt nok vekke til at vi må bruke bil. Institusjonar som Rusomsorg Vest, Nappane, bør ikkje liggje for nær til butikk, legesenter, osv. Bebuarane bør ikkje ha for lett tilgang til butikk,

for dei fleste butikkar sel alkohol, og det kan vera ei stor freisting for mange av våre bebuarar. Enkel tilgang til lege og apotek kan òg føre med seg freistingar for våre bebuarar, for mange har vanskar med tablettmisbruk. Knarvik senter med lege, Nav, psykolog ,oa er ikkje lenger vekke frå oss enn ein halv times kjøretur. Mange av våre bebuarar vert følgt opp av psykolog og lege både i Knarvik og i Bergen. Rusomsorg Vest, Nappane, er omtrent dagleg til Knarvik slik at våre bebuarar vert godt ivaretatt når det gjeld både butikk, lege osv. Det er elles å nemna at mange rusmisbrukarar slit med sosial angst og vil helst vera i eit tilbaketrekt, skjerma miljø.

9. Ingen fleire kommentarar enn det som er blitt poengtert i punkt 8.

10. Rusomsorg Vest, Nappane meiner at barn og unges interesser er ikkje tilsidesett ved gitt dispensasjon. Vi har ikkje bebuarar under 18 år, men vi har ungdom som vi tek vare på, ja på best mogleg måte. Dette er ofte ungdom som er blitt traumatisert på grunn av ein usikker barndom ofte prega av alkohol, vold og omsorgsvikt. Vi prøver gjennom vårt arbeid å gi dei den kjærleiken og tryggleiken dei har mangla i sine liv. Mange av våre bebuarar seier at når dei kom til Rusomsorg Vest, Nappane, blei dei møtt med kjærleik og respekt, og dei uttaler at det er godt å vera på Nappane for her herskar det fred. Vi vil sjølvsagt ikkje at barn i bygda skal oppleve å bli trua medan dei ventar på bussen, og vi vil gjerne få beskjed om dette dersom det skjer, men vi har aldri høyrte om slike episodar.

Sjølvsagt har mange av våre bebuarar barn, og det hender at dei har kontakt med sine barn, men det er sjeldan. Samværsretten med sine barn brukar dei stort sett andre stader enn på Nappane. Elles har mange av våre bebuarar brotne relasjonar til sine pårørande slik at det er sjeldan pårørande kjem til Nappane på besøk, men brotne relasjonar er noko vi gjerne vil hjelpe våre bebuarar å opprette att, og vi hjelper gjerne med å leggje til rette for pårørande og bebuarar sine barn om dei vil koma på besøk. Mange av våre bebuarar kjem gjerne frå andre kantar av Norge enn nærområdet til Nappane, så dette òg er ein naturleg medverkande årsak til at bebuarane får lite besøk. Det er elles òg Rusomsorg Vest, Nappane, sitt ansvar å skjerme bebuarane for ukjente og for mange besøkjande.

11. Kulturminna knytt til tidligare pinsemenighet Zoar, Nappane, er viktig å ta vare på. Den gamle kulturen med bibelveker, barneleirar, Hvilehjemmet for omreisande evangelistar, er for lengst historie, men *minnene* kan vi ta vare på. Vi vil likevel hevda at Rusomsorg Vest, Nappane, sin måte å drive institusjon på er nærare den gamle Pinsebevegelseskulturen enn måten mange Pinsemenigheter i dag driv på. Rusomsorg Vest, Nappane, kan ikkje sjå at gitt dispensasjon er eit trugsmål mot kulturminna og dokumentasjon i høve dette. Det er usikkert om ein reguleringsplan vil ta meir vare på dette enn slik det vert gjort i dag.

12. Dette punktet om lokaliteten til Rusomsorg Vest, Nappane, har blitt kommentert tidligare i dette skrivet.

Rusomsorg Vest vil vera lovlydig. Heilt sidan starten i 2009 har senteret på Nappane vore drive i god tru på at alt har vore i orden i høve lover og reglar, grunna på ein telefon til Lindås kommune der det vart sagt munnleg at senteret kunne driftast.

Rusomsorg Vest har tillit til at Plan og miljøutvalet har gjort ein god og grundig jobb i høve å gi dispensasjon, og reknar med at vedtaket ikkje er «planta i lause lufta», men solid tufta på kunnskap om Plan og bygningslova og omsynet til liv, helse, sikkerhet og miljø. Plan og miljøutvalet har gjort seg skuldig i å verne om dei som står svakast i samfunnet, og som ikkje alltid har andre til å tale si sak. Plan og miljøutvalet har vist ansvar og brukt skjønn når dei har fatta sitt vedtak om å gi Rusomsorg Vest, Nappane, dispensasjon.

At klagar kan hevda at ein gjennom å gi dispensasjon til Rusomsorg Vest, Nappane, opnar for lettaste vei for å legalisere ulovlig etablerte tiltak, meiner vi er eit usakleg argument. Rusomsorg Vest, Nappane, er ein institusjon med integritet, og som driv eit idealistisk tiltak for å hjelpe menneske, og ikkje for eiga profitt eller gevinst.


Når vi les måten klagaren skildrar Rusomsorg Vest, Nappane, på, får vi eit inntrykk av at Rusomsorg Vest, Nappane, er eit monster som spyr ut gift, trakasserer bygdefolket, er til fare for liv og helse for barn, unge, dyr og vaksne, er til fare for trafikktryggleiken, bryt lova, driv uforsvarleg, er inkompetente, osv. Rusomsorg Vest, Nappane, ynskjer å tilføra bygda og bygdefolket noko positivt, berga liv, ikkje ta liv, skape tryggleik ikkje frykt, gi hjelp, ikkje skape vanskar, osv.

Hilde, tidligare bebuar, har mange gonger sagt at det at ho fekk koma til oss i Rusomsorg Vest, Nappane, redda livet hennar.

I eit møte med LAR-avdelinga i Bergen nyleg uttalte overlege Åshild Larsdotter Vivelid der at Rusomsorg Vest, Nappane, gjer ein god jobb og det er nødvendig med slike institusjonar som oss.

På bakgrunn av dette vil vi til slutt be om at Fylkesmannen let vedtak om dispensasjon frå arealplankrava gitt 30.august 2017,vert ståande.

Mvh



Rusomsorg Vest

Steinar Valdersnes

Dagleg leiar



Lindås kommune

5912 ISDALSTØ

Nappane 3.10.17

**Viser til klage på dispensasjon gitt Rusomsorg Vest , Nappane, gbr 129/6,
30.august 2017**

Cardo, på vegne av Titlandsvegen 447, med fleire, meiner at gitt dispensasjon er i strid med plan og bygningslovens intensjon for dispensasjonsinstituttet. Det vert grunngjeve gjennom 12 punkt. Vi vil med dette kommentere dei 12 punkta.

1. At administrasjonen tilrår å ikkje gi dispensasjon betyr nødvendigvis ikkje at dei er betre rusta til å ta ei fagleg vurdering av søknaden om dispensasjon. Vi meiner at å seia at Plan og Miljø utvalet ikkje er faglig kompetente til å uttale seg i saka, er å undervurdera medlemmane i nemnda. Etter vår meining er dei politisk valte ofte like godt skikka til å gjera ei fagleg god vurdering som administrasjonen. Nemnda er sett saman av personar med ulik kompetanse som mogleg greier vurderer ei sak breiare enn administrasjonen som lett kan bli for snever i høve til paragrafer og regler.
2. Vi ynskjer dialog med partane som er rørt i høve til drifta av Rusomsorg Vest, Nappane. Vi kalla derfor i april inn naboar og bygdefolk til informasjon-dialogmøte, men det var ingen som møtte. Vi er derfor spørjande til om det faktisk er dialog som er ynskjeleg i høve reguleringsplanen, eller om det f er slik at ein ynskjer Rusomsorg Vest bort frå bygda med tanke på eiga interesse? Rusomsorg Vest, ynskjer dialog og samarbeid om lover og reglar vedr drifta av senteret på Nappane , men dialog krev to partar.
3. At vedtaket ikkje er blitt drøfta på ein objektiv måte, er ein rein påstand frå klagaren si side.
4. Det er meir enn ein gong blitt sagt, skrive, at Utsleppet frå Rusomsorg Vest sin kloakk på Nappane, ureinar. Dette er ikkje blitt stadfesta er rett. Lindås kommune har derimot konstantert at det ikkje er lekkasje på kloakk-kumma eller røyra til Rusomsorg Vest. Det er sterke ord som vert brukt når det vert hevda at kloakken til Rusomsorg Vest, Nappane, forgiftar omtrent halve bygda på Nappane.